



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Hustadvika kommune

Dato: 16.03.2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Søppelbrenning i Hustadvika – klage på avgjerd

FNF Møre og Romsdal sendte 24.10.2019 eit brev til Hustadvika kommune og bad om at kommunen følgjer opp søppelbrenning i Malmedalen (gnr 65 bnr 1) for å få dette i tråd med gjeldande lovar og forskrifter.

I brev frå Hustadvika kommune den 29.05.2020 blei det mellom anna uttrykt; «*Ved omorganisering som et resultat av sammenslåingen til Hustadvika kommune har vi ikke pr. dags dato fått plassert forurensningsmyndighetsansvaret i kommunen. Dere vil motta et mer utfyllende svar så fort dette ansvaret har blitt plassert. Angående denne spesifikke saken har ikke brannvesenet noe hjemmel til å handle. Ulovlig søppelbrenning er brannvesenets sak så lenge det brenner, men etter dette blir saken lagt kommunens forurensningsmyndighet.*»

Den 26.11.2021 sendte vi eit nytt brev og bad om ei tilbakemelding frå Hustadvika kommune om korleis kommunen følgjer opp denne konkrete saka. Så vart det halde eit møte i Hustadvika kommune den 07.12.2021 der saka vart teke opp på nytt. Sia då har det vore stille.

Slik vi har forstått Forureiningslova § 37 tredje ledd seier denne at dersom nokon har bede kommune om å gje pålegg om opprydding, er avgjerda eit enkeltvedtak også dersom det ikkje blir gitt noko pålegg. **På dette grunnlag klager FNF Møre og Romsdal Hustadvika kommune si avgjerd om ikkje å gje pålegg i denne aktuelle saka.**

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal